



# STANGVIKFESTIVALEN '10

29. JULI - 01. AUGUST



# PROGRAM



Maja Solveig  
Kjelstrup Ratkje



Gjermund  
Larsen



Benito  
Nava

# PROGRAM



## Torsdag 29. juli

Pakkhuset Kro på Todalsøra kl 20.00.  
kr.200,-

### Stangvikfestivalforspel i Todalen!

Trekkspelvirtuos Frode Haltli med sine venner i trioen Poing vil framføre maritimt musikalsk stoff. Vi møter dei også i samspel med festivalkomponist Maja Ratkje. Anders Larsen vil forklare sitt ambivalente forhold til Todalen, og Zümetrio vil sørge for at ikkje alt let symmetrisk. Det vil bli tango, todals-slåttar, toillmusikk og Todalssongen!



## Fredag 30. juli

Prestegarden kl 18.00. kr 200,-

### Åpningskonsert

Den tradisjonelle åpningskonserten i Prestegarden. Festivalen si offisielle åpning ved stangvikgarding, tidlegare festivalkunstnar og entusiast Brit Dyrnes. Her får vi møte mange av aktørane i solo og samspel. Vi markerer 200-årsjubileet for Schumann sin fødsel, og Poing framfører essential extensions av Maja Ratkje. Denne konserten er så intim som ein kammerkonsert kan vere. Når vi går frå prestegarden har vi fått sett stemninga i Stangvikfestivalmodus.

Bondehuset kl 20.30. Fri inngang.

### Festivalutstilling

Fotografi frå Stangvik av Yngvild Sæter. Her får vi sjå Yngvild sine foto av fastbuande stangvikgardingar. Ho fekk midlar til dette fotoprosjektet frå Kleivafondet i år

Bondehuset kl 22.00. kr. 230,-

### Krimkveld

Kva er fredagskvelden utan detektimen. Vi tek konsekvensen av dette og presenterer århundrets krimkveld i Bondehuset. Vi får møte store detektiv-par som Derrick og Harry Klein, Sherlock Holmes og Dr. Watson, Mikke og Langbein m. fl. Det blir gjensyn med Twin Peaks, og vi får den ultimate versjonen av De dødes tjern av André Bjerke. Om den italienske mafiaen klarer å halde seg unna er særslig uvisst. Følg med i neste episode.....

## Stangvikfestivalen '10

Sommaren er på det vakraste no. Sola står enno høgt på himmelen og markblomstrane blømer langs vegakantane.

Men snart blir skuggane lengre og nattdoggen blir liggjande utover morgonen, det minner oss om at hausten ikkje er langt unna. Slik er det med sommaren og slik er det med livet. Men når auståvinden stryk langs husnovene – og vinterkulda trenger inn i både kropp og sjel. Ja, da er det godt å minnast ljose sommarkvelder i Stangvik. Då gutane er karske og jentene lettakledde. Og sola er blank og natta er mild. Og tonar og poesi lét frå scene og sal, og augene lyser som kveldssola. Dei gode sommarminnene er vi sjøl med og lagar.

Det beste av alt er å leva, her og no.

Nils Røv -



## Laurdag 31. juli

Bondehuset kl 13.00 kr. 100,-/250,- (familie)

### Gjermund Larsen og Bom Basker

Gjermund og Bom Basker var spelemannprisnominert i klassen for barn med plata Bom Basker. Med ei blanding av song, fiolin, orgel og rap får vi møte tradisjonelle barnerim, songar og regler presentert på ein spennande måte i skjeringspunktet mellom tradisjon og samtid.

Bondehuset kl 16.00. kr. 100,-

### Den Tradisjonelle Fiskesuppa

Ein klassikar blir servert i festivalkafeen. Her er det kulinarike Stangvik samla i ei hemmeleg oppskrift i ei gryte som brukar å bli tom.

Rutlåven kl 18.00. kr. 200,-

### Norske låvetonar

Harpespel på presten sin låve kan gi assosiasjonar til mykje. Her blir det i alle fall feiande flotte tonar framført i nok eit fantastisk konsertlokale i Stangvik. Det blir folkemusikk med Gjermund Larsen, Grieg med Hedda Berg og Tonje Hove, og sjølvsagt ein dæsj samtidsmusikk. Biolog og musikant Nils Røv spelar og kåserer om folk og fe i ei melankolsk vandring mellom sorg og glede. Og ikkje minst vil kulturskulen sine pianoelever framføre det dei har lært på festival-seminar.

Bondehuset kl 21.00 . kr. 230,-

### Stemmeprakt

På sedvanleg laurdagskveldvis får vi servert ein svært mangfaldig konsert. Restauratørsongaren Benito Nava, rapparen Trond Wiger, folketonesongaren Runa Hestad Jensen, operasongaren Tonje Hove og Stian Hovland Pedersen med sine "Patetiske" songar. Hovedsolist er festivalkomponisten og stemmekunstnaren Maja Ratkje i ein konsert som må opplevast!

Programsponsorar:

**DATA SENTRET**

**joker**  
Kvanne



**ELEKTRO AS**

tlf : 71662352. fax : 71662350. mobil : 90823310

[www.aselektro.no](http://www.aselektro.no)

**Norbørst**  
Nordenfjeldske Børstefabrikk AS  
[www.norbørst.no](http://www.norbørst.no)

## Søndag 1. august

Bondehuset kl 12.00. kr. 180,- (inkl. pasta)

### Benitos Zia Teresa

Den tradisjonelle ønskekonserten er i år tillegna Benito Nava og hans restaurant Zia Teresa. Kunstnarisk leiar Trygve Brøske har sakna denne oasen midt i Trondheim så sterkt at han har gitt Benito oppgåva med å finne tilbake til den unike stemninga. Benito med gamle stamgjester serverer musikalske, verbale og kulinariske høgdepunkt frå den glade Zia Teresa-epoken. I festivalkafeen serverer vi Stangviks beste kaker med italiensk vri.

Svisholmen kl 14.30. Fri inngang

### Fotballturnering

VM er ferdig, men fotballen rullar i Stangvik. Ragnhild Lund Ansnes presenterer si nye bok om norske Liverpool – supporterar, og Liverpool har dessutan lova å delta på sommarens nest viktigaste turnering!

Stangvik Kyrkje kl 19.00. kr. 200,-

### Duell på kyrkjebakken

Søskenborna Gjermund og Anders Larsen har utdanna seg i kvar si stilretning og denne konserten vil gi oss svaret; fele eller fiolin, folketonar eller klassisk. Saman med duellantane får vi presentert det vakre verket And then I knew 't was wind av den japanske komponisten Tōru Takemitsu med Zümetrio, og festivalen avsluttar med Frode Haltli akkompagnert av nesten alle festivalaktørane i Passing Images av Maja Ratkej.



# FESTIVAL-PASS

inkluderer alle konsertane!

Pris kun  
**kr. 650,-**

PS! Møt opp i god tid; ca. 30 min  
før konsertstart for å få så  
god plass som muleg!



### FESTIVALKAFFEE

vil vere open i helga,

og vil bl.a. selge

### VERDAS BESTE

### FISKEBURGER

og serverer i tillegg  
både vått og tørt,  
med god kvalitet, og  
stor spennvidde!



### Stian Hovland Pedersen - skodespelar

Har lang erfaring som skodespelar, regissør og tekstforfattar. Stian har gjort seg bemerkå i teatersyndikatet Sjøkua, improkompaniet Ramp og Adamseplene. Har elles spelt mykje frilans og hatt roller ved Trøndelag Teater. Observert i Stangvik før.



### Eva Næss - skodespelar

Improvisatør. Drama- og teaterutdanning fra NTNU. Eva har tatt ei rekke internasjonale kurs i improvisasjon og teater. Kjent frå improkompaniet Ramp som har arbeidd mykje med teatersport og improvisasjon.



### Runa Hestad Jenssen - songar

Er utdanna ved NTNU, Universitetet i Oslo og Barratt Due musikkinstitutt der ho tok utøvande mastergrad i song. Repertoaret hennar spenner frå folketonar og barokk til opera og samtidsrepertoar. Ho har sunge Pamina i Mozarts Tryllefløyten og Lucie i operaen Olav Engelbrektsson på Steinvikholmen i Nord-Trøndelag. Ho har også hatt hovedrollen i operaen Søtskolen av Karin Rehnqvist. Runa er medlem av Det Norske Solistkor.

### Trond Wiger - rapartist

Trond Wiger er Tfuzz i rapgruppa GODE ORD DØRSIST (G.O.D.S) og kjem frå Lamon i Trondheim. G.O.D.S er lokalpatrioter og ga ut albumet GODE ORD DØRSIST i 2009. Han starta for alvor å rappe i gruppa Bassbrothers tidleg på 90-talet. Har bakgrunn som beatmaker, men er i dag hovedsakleg MC (master of ceremony) og tekstforfattar. Trond har også vore med i finalen i NM i slampoesi dei åra han har delteke og har i tillegg arbeidd ein del med teater. "Går i fjøs" er den første barneplata Trond har delteke på.



### Gjermund Larsen - fele

Gjermund er ein utrolig god felespelar i følge medmusikantar. Våren 2008 vart han den første til å avlegge diplomeksamen i folkemusikk på vanleg fele ved Norges Musikkhøgskole i Oslo. Han arbeider som komponist og frilans musiker. Gjermund speler i fleire grupper og prosjekt og har vore solist med mange større orkester. Han har blant anna vunne Landskappleiken klasse A - vanleg fele to gonger og fått Kongepokalen.





**Carl Haakon  
Waadeland**  
- trommer  
og perkusjon

Carl Haakon har medverka på ei lang rekke plateinnspelingar og turnear i inn- og utland. Han er også ein hyppig gjengangar ved landets jazzfestivalar. Som forskar og pedagog har han doktorgrad i musikk frå NTNU, der han også er tilsett som førsteamanuensis ved jazzlinja og program for musikkteknologi.

## POING

**Frode Haltli**  
- akkordeon  
**Rolf-Erik Nystrøm**  
- saksofon  
**Håkon Thelin**  
- kontrabass

Trioen oppstod sommaren 1999, og har sidan urframført over 50 verk av norske, europeiske, amerikanske og asiatiske komponistar. POING vart i 2009 kåra til "Årets utøver" av Norsk komponistforening. Poing framfører i hovudsak verk skrive spesielt for dei av sin generasjons komponistar frå heile verda. Besetninga har uante muligheter, og har eit fast samarbeid med årets festivalkomponist og vokalist Maja Solveig Kjelstrup Ratkje.



**Frode Haltli**  
- akkordeon

Utdanning frå Norges musikkhøgskole og Det Kgl. danske musikkonservatorium. Frode har spelt på festivalar og konsertar i Europa, Russland, Afrika, Amerika og Asia. Samtidsmusikken står i fokus, men han er involvert i prosjekt frå ulike kulturar verda rundt. Han speler norsk folkemusikk i gruppa RUSK og Bom Basker.



**Håkon Thelin**  
- kontrabass

Hovedfagsstudium ved Norges Musikkhøgskole. Frilans musiker med jamnlege oppdrag i alle dei profesjonelle symfoniorkestra og fleire kammergrupper i Noreg. Håkon har etablert seg som ein av dei fremste solistane på kontrabass i sin generasjon.



**Rolf-Erik Nystrøm**  
- saksofon

Diplomutdanna ved Norges Musikkhøgskole. Han ga ut si første soloplate til strålende kritikkar og nominasjon til spelemannspris i 2006. Han har vore solist med ei rekke symfoniorkester i Europa og fekk De Unges Lindemanpris 2005 og Rikskonsertenes lanseringsstøtte i 2001.





## Maja Solveig Kjelstrup Ratkje – songar og komponist

Musikken hennar er framført av utøvarar som Klangforum Wien, Fretwork, Oslo og Bodø Sinfonietta, Kringkastingsorkesteret, Arve Tellefsen, Vertavo, SPUNK, POING, Frode Haltli, Marianne Beate Kielland, Engegårdkvar-tetten og Cikada. I 2001 fekk Ratkje, som første komponist i Norge, Arne Nordheim sin komponistpris. Ho har også fått Edvardprisen (to gonger) og UNESCOs Rostrumpris samt Award of Distinction. I 2005 var Ratkje solist i sitt første stykke for orkester bestilt av Radio France og i 2008 var ho festivalkomponist under Nordland Musikkfestuke.



## ZÜMETRIO

Kristin Jæger - bratsj  
Trond Brekka - fløyte  
Johannes Wik - harpe

Zümetrio vart stifta i 2007, og består av Trond Magne Brekka – fløyte, Kristin Jæger – bratsj og Johannes Wik – harpe. Dei har eit omfattande repertoar, både originalkomposisjonar og egne arrangement frå barokk til pop. Trioen var i februar 2010 på turné i samband med "den kulturelle spaserstokken" i Bergen, og har tidlegare spelte under Festspillene i Bergen/ OiOi-festivalen, den norske sjømannskyrkja i Paris og kunstmuseet Kuben i Ålesund.

## Kristin Jæger - bratsj

Utdanna frå Musikkonservatoriet i Trondheim/NTNU institutt for musikk og Norges Musikhøgskole, der ho i 2006 tok sin mastergrad i soloinstrument med professor Lars Anders Tomter som lærar. Sidan da har ho arbeidd i Bergen Filharmoniske Orkester. Som frilanser har Kristin spelt i alle dei store norske symfoniorkestra, Bodø Sinfonietta og samtidsensembla Bit20, samt gjort ei rekke prosjekt og turnear med TrondheimSolistene.



## Trond Magne Brækka - fløyte

Tok bachelorgrad i musikk frå Norges Musikhøgskole. Samtidig vikarierte han i dei fleste orkestra og profesjonelle korps i landet. Sidan studerte han ved Conservatoire National Supérieur de Musique et de Danse de Paris og Royal College of Music i London. Han har vore solo-piccolofløyttist i Bergen Filharmoniske Orkester sidan 2001. I august 2008 starta han som solo-piccolofløyttist i Kringkastingsorkesteret i Oslo. Trond er også ein dedikert fløytelærar og underviser både privat og ved Griegakademiet i Bergen.



## Johannes Wik - harpe

Johannes Wik frå Trondheim vart fascinert av harpe allereie da han var 10 år, og har sidan fått undervisning av Willy Postma. Han vann Sparre Olsen-konkurransen i 2000, fekk Adresseavisens kulturstipend i 2001 og FjordCadenza-stipendet 2002. Han har vikariert regelmessig og spelt med Bergens Filharmonikerne, Trondheim symfoniorkester og dei andre store orkestra i landet.





### Benito Nava

#### - songar og kokk

Benito er ein kjent restauratør, musiker og kulturperson frå Italia og seinare Trondheim. Etter å ha spela i Palmehaven slutta han i 1978 for å starte restauranten Zia Teresa der han ga dei besøkande både kulinariske og musikalske godbitar. Han er kjent som den som lærte trønderane å like lasagne. Benito skal gi ut CD på Øra Fonogram og vil mellom anna presentere stoff derifrå. Sannsynlegheita for at han ser innom kjøkkenet i Bondehuset er også stor.



### Hedda Hansen Berg

#### - piano

Hedda er frå Surnadal og midt i masterstudiet ved Musikkonservatoriet i Trondheim. Der har ho songakkompagnement som fordjupning, og har Trygve Brøske som lærar/veiledar.




### Tonje Hove - songar

Tonje kjem frå Lakselv i Finnmark. Tok mellomfag musikk før ho studerte utøvande song på Musikkonservatoriet i Trondheim. Tonje har samarbeidd mykje med Hedda Hansen Berg. Frå hausten 2010 er Tonje student ved Operahøgskulen i Oslo.

### Nils Røy - munnspele

Naturforskaren Nils er også i år med oss med både musikalske og verbale krumspring. Med ein erfaringsbakgrunn noko ulik dei fleste andre aktørane er det med spenning vi ventar på årets bidrag. Både fuglar, dyr og mennesje i ulike kulturar kan Nils mykje om. Kanskje kan festivalpublikumet lære noko om både Stangvik og seg sjølv.



### Anders Larsen - fele

Utdanna frå Musikkonservatoriet i Trondheim/NTNU institutt for musikk og Barrat Due. Tilsett som fiolinist i TSO og TrondheimSolistene i kombinasjonsstilling. Medlem av gruppa Famntak. Er nærmast som gjenganger i festival-samanhang.



### Jo Inge Nes - trommer og perkusjon

Jo Inge er til dagleg mørremusiker i gruppa Fjord og Fjell og kulturskulelærar på Sunndal. Jo Inge er ein av dei trufaste slitarane som har vore med sidan oppstarten. Han har også ein finger med i det tekniske og er ein frykta motspelar i fotballturneringa.



**Else Bø - piano**

Else er utdanna frå NTNU Musikkonservatoriet, Royal College of Music i London og frå konservatoria i Geneve og Fribourg i Sveits. Else jobbar frilans som akkompagnatør og kammermusikar, mellom anna i kammermusikkensemplet Alpaca Trio. Ho er òg tilsett som akkompagnatør ved NTNU Musikkonservatoriet.

**Trygve Brøske - piano**

Sidan Trygve tok initiativet til Stangvikfestivalen i 1999 har han avslutta sitt studium ved Conservatoire de Musique de Genève (2001), fått seg fast jobb som klaverlærar ved NTNU, Institutt for Musikk i Trondheim og elles berre styra på som vanleg med mange oppdrag som pianist og komponist/arrangør. Hatt permisjon frå undervisning det siste året for å komponere.

**Yngvild Sæter****- festivalkunstnar**

Yngvild Sæter er født (i 1986) og oppvakse i Stangvik, og studerar no ved Oslo Fotokunstskole.

Da ho var heime og fotograferte i jula, fekk ho ideen til ei foto-utstilling om bygda. Den har resultert i salgsutstilling "Stangvik 2010".

Tanken bak prosjektet er å skape eit portrett av Stangvik ut i frå ideen om at det er folket som utgjer bygda, som mosaikkbitar i det store biletet. Yngvild håpar også at desse bileta kan bli eit viktig historisk dokument, eit tidsbilete av Stangvik anno 2010. Målet er å forsøke å gjøre med fotografi det Hans Hyldbakk gjorde med ord: skape eit bygdeportrett som opplyser og engasjerer.

**Sponsorar:****Hovedsponsor:**

**Surnadal  
Sparebank**

[www.bank.no](http://www.bank.no)

**Samarbeidspartnerar:****Festivalen får støtte frå:**

**Surnadal Kommune og Norsk Kulturråd**

# PROGRAMOVERSIKT

## Torsdag 29. juli

**Pakkhuset Kro på Todalsøra kl 20.00.** kr. 200,-  
Stangvikfestivalforspel i Todalen!

## Fredag 30. juli

**Prestegarden kl 18.00 - Åpningskonsert.** kr. 200,-  
Den tradisjonelle åpningskonserten i Prestegarden.  
Festivalåpning ved Brit Dyrnes.

**Bondehuset kl 20.30 - Festivalutstilling.** Fri inngang.  
Fotografi frå Stangvik av Yngvild Sæter.

**Bondehuset kl 22.00 - Krimkveld.** kr. 230,-  
Derrick, Harry Klein, Poirot og sannsynlegvis vil James Bond  
også blande seg inn. Om den italienske mafiaen klarer å halde  
seg unna er særstakt uvisst. Følg med i neste episode.....

## Laurdag 31. juli

**Bondehuset kl 13.00 - Gjermund Larsen og Bom Basker**  
kr. 100,-/250,- (familie)  
Gjermund og Bom Basker var spelemannprisnominert i  
klassen for barn med plata Bom Basker.

**Bondehuset kl 16.00**  
Den Tradisjonelle Fiskesuppa. kr. 100,-  
Ein klassikar blir servert i festivalkafeen frå ei gryte som fort  
kan bli tom.

**Rutlåven kl 18.00 - Norske låvetonar.** kr. 200,-  
Norsk musikk på Rutlåven. Elevar frå kulturskulen deltek.

**Bondehuset kl 21.00. Vokalistaften.** kr. 230,-  
Seks stemmer i ulike uttrykksmåtar. Opera, folketonar, rap,  
viser, toillsongar og vokalkunst. Her kan alt skje og det skjer.

## Søndag 1. august

**Bondehuset kl 12.00 - Benitos Zia Teresa.**  
kr. 180,- (inkl. pasta)  
Benito og Trygve vil finne tilbake til stemninga frå restaurante  
Zia Teresa i ord, tonar og smak.

**Svisholmen kl 14.30 . Fotballturnering.** Fri inngang  
VM er ferdig, men fotballen rullar i Stangvik.

**Stangvik Kyrkje kl 19.00 - Duell på kyrkjebakken** kr. 200,-  
Klassisk eller folkemusikk? Anders og Gjermund Larsen vil  
her gi oss svaret. I tillegg bidreg Zümetrio og Frode Haltli  
med festivalorkesteret i ei fengjande avslutning av  
festivalen..

## FESTIVALPASS

inkluderer alle konsertane! Pris kun kr. **650,-**  
PS! Møt opp i god tid; ca. 30 min før konsertstart for å  
få så god plass som muleg!

## FESTIVALKAFEEN

vil vere open i helga, og vil bl.a. selge verdas beste fiskeburger, og serverer i tillegg både vått og tørt, med god kvalitet, og stor spennvidde!!

